

Steinar Langedal
Langedal
6940 EIKEFJORD

Eikefjord, 01.03.2014

NVE – Konesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Vedr. ny 132 kV kraftledning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal - høyringsfråsegn

Viser til søknad frå SFE Nett AS, datert 17. januar 2014, om konsesjon, ekspropriasjonsløyve og førehandstiltreding for 132 kV kraftledning Gjengedal – Storebru/Agledal. Ifølgje brev frå NVE, datert 3. februar 2014, er høyringsfristen sett til 10. mai 2014.

Først vil eg få opplyse om nokre feil og manglar i konsesjonssøknaden. Det framgår blant anna av søknaden at det er søkt om linjeframføring til Storebru. Dette er ikkje korrekt. SFE har i konsesjonssøknaden gått vekk frå framføring til Storebru, d.v.s. alternativ D-1-1. I staden vert alternativ D-1-2 prioritert. Dette alternativet har linjeframføring til Langedal, og ikkje til Storebru. Dessutan framgår det av søknaden at alternativ D-2-2 har framføring til koplingsstasjon i Vassbotten i Agledal. Vassbotten ligg imidlertid ikkje i Agledal, men ved Svarthumlevatnet. Rett skal vere rett.

Ved linjeframføring etter alternativ D-1-2 vil næraste hus ligge på gnr. 61 bnr. 12 (gardsbruk) og gnr. 61 bnr. 15 (fritidseigedom). Eigarane av desse eigedommane har ikkje fått nokon som helst informasjon frå utbygger. Dette er høgst beklageleg.

Underteikna er eigar av gnr. 61 bnr. 1 i Flora kommune. Ved ei utbygging etter alternativ D-1-2 vil kraftlinja ligge på denne eigedommen heilt frå RV5 til snaufjellet. Ingen annan grunneigar, verken i Flora eller Gloppen, vil bli berørt i den grad som eg vil bli. Dette har eg i forkant av konsesjonssøknaden forsøkt å gjere SFE oppmerksom på. Men SFE har tydelegvis valgt å sjå vekk frå fakta og saklege argument.

Alternativ D-1-2 kan eg på ingen måte godta p.g.a. følgjande forhold:

1. Ei slik linjeframføring vil meir eller mindre dele vår eigedom i to, og det vil gå med store mengder skog.
2. Området der den planlagde kraftlinja vil komme til å krysse den gamle bygdevegen har i alle år vore nemnt som ein veileigna plass for eit byggefelt. Sjølv om det pr. idag ikkje er konkrete planer for noko slikt, kan det verte aktuelt i framtida. Med ei 132 kV kraftlinje gjennom området seier det seg sjølv at eit tomtfelt er uaktuelt for alltid. Kven skal erstatte eit slikt tap?

I SFE si melding om ny 132 kV kraftlinje var linja planlagt framført til Storebru etter alternativ D-1-1. Dette tilsvarar samme linjetrase som noverande 66 kV-linje, heilt fram til RV5 og vidare til Sørдал. Dette alternativet har SFE gått vekk frå i konsesjonssøknaden, noko som blir grunnlagt med at kraftlinja vil komme for nær bebyggelsen. Dette er eit argument som ikkje er haldbart. Alle veit, også SFE, at den store 420 kV-linja Ørskog-Fardal vil komme like nær bebyggelsen ved Storebru, på Knapstad og i Eikefjord som den planlagde 132 kV-linja framført til Storebru etter alternativ D-1-1. Eg har tidlegare gitt SFE klar melding om at ei linjeframføring etter alternativ D-1-1 kom eg ikkje til å protestere mot, sjølv om eg nok ein gong måtte avstå areal og skog. Men dette var under forutsetning av at den eksisterande linjetraseen for 66 kV-linja vart følgd heilt fram til RV5. På meg verkar det anske arrogant av SFE å ikkje ha ein viss dialog med den skadelidande part før ein leverer konsesjonssøknaden. I staden for å ta omsyn til mine merknader, har SFE tydelegvis tatt meir omsyn til ei "hemmeleg" underskriftsliste som har sirkulert ved Storebru for nokre månader sidan, med den hensikt å flytte linja austover. Til orientering bur 70 % av dei ca. 40 personane som står på lista slik til at dei ikkje på nokon måte vil bli berørte av linjealternativ D-1-1. Dette er ei liste som har gått rundt bak min rygg, og som skulle haldast hemmeleg for dei som bur austanfor den planlagde kraftlinja. Difor er dette ei "feig" liste, og det er feige personar som står bak lista. Enda feigare blir det når SFE skal vere tilbuddt gratis tomteareal til koplingsstasjon dersom linjealternativ D-1-2 blir valgt. Når det blir brukt slike "dirty tricks", bør verken SFE eller NVE ta omsyn til verken underskriftsliste eller tilbudd om gratis tomteareal.

Etter mitt syn er D-1-1 det beste alternativet for linjeframføring ved Storebru/Langedal. Noverande 66 kV-linja vil bli fjerna, slik at antal kraftlinjer blir som tidlegare. Dessutan vil det ikkje bli oppretta ei ny "gate" i landskapet, då linja blir lagt parallellt med eksisterande linje. Nærleiken til bebyggelse er ikkje eit argument når ein ser den godkjende avstanden som 420 kV-linja har i området. Eg viser også til konsekvensutgreiing for naturmangfald og drikkevatt, utarbeidd av Rådgivende Biologer AS. Her framgår det på side 42 at "**av dei ti ulike trasealternativa vil kombinasjonen av A-1, B-1, C-1 og D-1-1 gje minst negativ verknad for naturmangfald.**"

Når det gjeld det andre linjealternativet i konsesjonssøknaden, D-2-2, til Svarthumlevatnet og vidare til Agledalen, meiner SFE at dette er eit dårlegare alternativ enn D-1-2, mellom anna p.g.a. større kostnader og vanskar med tilkomst til Agledalen. Desse argumenta held ikkje. Etter opplysningar i konsesjonssøknaden er differansen ubetydeleg når det gjeld kostnader. Dessutan er Agledalsvegen nyleg opprusta for fleire millionar i forbindelse med bygging av 420 kV-linja Ørskog-Fardal. Det er ikkje bebyggelse nær denne linjetraseen, verken på aust- eller vestsida. Det som er negativt med denne traseen er at det vil komme ei ny kraftgate i landskapet.

SFE har i dag 28 kraftmaster på vår eigedom, gnr. 61 bnr. 1, fordelt med 16 høgspenstmaster og 12 lågspenstmaster. I tillegg kjem mastepunkt i Langedal fellesareal, d.v.s. over skoggrensa. Eg har aldri tidlegare lagt vanskar i vegen for SFE når det gjeld plassering av desse kraftmastene. Men når no alternativ D-1-2 blir prioritert for ei ny kraftlinje, er tolegrensa nådd. Eg hadde faktisk forventet av SFE, p.g.a. den store belastning vi alt har i form av kraftmaster, tapt skog og areal, at vi denne gongen hadde blitt skåna mot enda større belastningar.

Eg føler at eg i denne saka står ganske åleine mot overmakta. Det verkar som alle er ute etter å ødelegge mest mogeleg for meg og min familie. Men med tanke på komande generasjonar har eg rett og slett ikkje samvet til å akseptere at ei ny kraftlinje blir bygd etter alternativ D-1-2, noko som vi vil føle som eit overgrep. Ei minneleg løysing vil difor **aldri** komme på tale.

Konklusjon:

- 1. SFE må påleggast å føre fram den planlagde 132 kV-linja til Storebru etter alternativ D-1-1.**
- 2. Alternativ D-2-2 må prioriterast framfor D-1-2.**
- 3. Dersom kraftlinja absolutt skal framførast etter alternativ D-1-2 krev eg at linja blir lagt i jordkabel frå punktet der linja skil lag med eksisterande 66 kV-linje.**

Eg håar at NVE vil ta omsyn til mine merknader til konsesjonssøknaden, slik at resultatet blir ei linjeframføring etter alternativ D-1-1, alternativt D-2-2.

Med helsing

Steinar Langedal

Epost: s-langed@online.no
Tlf.: 91190751